

Europaparlamentets utanrikskomité drøfta brexit og utvidingspolitikk med nasjonale parlament

2. april 2019

- *EUs sjefsforhandlar Barnier seier det er store sjansar for brexit utan ein avtale mellom EU og Storbritannia.*
- *Barnier varsla at EU vil ta opp spørsmåla om irskegrensa, økonomisk oppgjær og borgarrettar i forhandlingar med Storbritannia uavhengig av om den framforhandla avtalen blir vedteke i London*
- *Positiv utvikling på Vest-Balkan, men stadig utfordringar mellom anna pga. tilhøvet til Tyrkia og Serbias nære relasjon til Russland*
- *Ulike syn i spørsmålet om auka bruk av fleirtalsvedtak på utanriksområdet*

Europaparlamentets utanrikskomité møttes i dag for siste gong før valet til Europaparlamentet i mai og drøfta brexit, utviding- og naboskapspolitikk med representantar frå nasjonale parlament. I tillegg vart styrking av utanriks- og sikkerheitspolitikken og spørsmålet om bruk av vedtak med kvalifisert fleirtall på dette området drøfta. Etter planen skulle den irakiske presidenten også delta, men han avlyste sitt besøk i Europaparlamentet. På møtet deltok representantar frå 20 EU-land. Stortinget var invitert til å delta på møtet.

Brexit

I lys av at det britiske parlamentet i går på nytt hadde stemt nei til ei rekkje framlegg, var det store interesse knytt til innlegget til EUs sjefsforhandlar for brexit, Michel Barnier. Han sa situasjonen nå er svært alvorleg og at det er ein reell og stor sjanse for at Storbritannia går ut av EU utan ein avtale. I tillegg til dei praktiske problema dette vil føre til på kort sikt, vil det også skade atmosfæren i forhandlingane om det framtidige tilhøvet. Det britiske parlamentet og regjeringa må nå ta steg for å unngå ein hard brexit.

Det er viktig at brexit ikkje svekkjer EU slik ein del krefter både internt og eksternt ynskjer. Barnier understreka at EUs framtid er viktigare enn brexit. EU må løyse utfordringane knytt til mellom anna klima, migrasjon, økonomi og forsvar og har også utfordringar i tilhøvet til Kina og Russland. Han understreka at det ikkje er nokon motsetnad mellom eit styrka forsvarssamarbeid i EU og eit sterkt NATO.

Han viste til at dei sentrale punkta i den framforhandla brexit-avtalen ikkje forsvinn sjølv om Storbritannia seier nei til avtalen. Spørsmål knytt til grensa mellom republikken Irland og Nord-Irland, rettane til borgarane og det økonomiske oppgjeret ved utmelding må uansett løysast. EU vil ta opp desse spørsmåla i forhandlingar med Storbritannia inntil dei er løyst. Både EU og Storbritannia ynskjer eit tett sikkerheits- og forsvarssamarbeid framover slik det også er lagt opp til i fråsegna om det framtidige tilhøvet, men ein hard brexit vil gjere det vanskelegare å få dette til. Storbritannia må også ta inn over seg at det har konsekvensar på ei rekkje område å gå frå status som medlemsland til ikkje-medlemsland.

I debatten fekk Barnier ros for sin rolle i forhandlingane og for å ha sikra semje og samhald i EU27. Han fekk også ros for å ha hatt så nær kontakt med nasjonale parlament i heile prosessen. Ein britisk parlamentarikar sa seg glad for at Noreg (på administrativt nivå) var med i deltakarlista og vona Storbritannia også ville kunne delta på slike møter framover. Barnier kommenterte at Noreg hadde vald eit tett samarbeid med EU og er del av den indre marknaden. Dette har vore til fordel for Noreg, men betyr også at landet har eit nært tilhøve til EU.

Status for utviding og nabolagspolitikken

Utvidings- og nabolagskommissær Johannes Hahn deltok i møtet i AFET i dag. EUs strategiske mål er å fremme stabilitet og rettsstat på Vest-Balkan og i resten av nærområdet. Nabolagspolitikken medfører at EU eksporterer stabilitet, medan utviding til ein viss grad fører til importert av ustabilitet inn i EU. Samstundes viser utviklinga at EUs utvidingar har vore vellukka, jf. at Ukraina og Polen for 30 år sidan hadde om lag det same utgangspunktet, men at Polen nå er fem-seks gonger rikare. EU kan tilby ulike former for tilknytning avhengig av utviklinga i dei ulike landa og landa sine eigne ynskje. Det er gjort viktige framsteg den siste tida ikkje minst gjennom at namnestriden i Nord-Makedonia er løyst og at det aukande teikn på forsoning mellom Kosovo og Serbia. Både Albania og Nord-Makedonia er nå snart klare for å gå inn i førebuaende samtaler som kan leie til opning av medlemskapsforhandlingar. Samstundes vil dette berre skje etter at alle EU-land er samde i at landa er klare for dette.

I debatten var mange, ikkje minst parlamentarikar frå det sør-austlege hjørnet av EU, opptatt av eit tett samarbeid med landa i den aktuelle regionen. Det er viktig å gje signal om at medlemskap er eit reelt alternativ, ikkje minst som eit bidrag til å redusere den store utflyttinga frå land i dette området. Det vart vist til ei positiv utvikling mellom anna eksemplifisert ved at den greske statsministeren besøker Nord-Makedonia for fyrste gong denne veka. Fleire tok opp tilhøvet mellom Serbia og Russland og tilhøvet til Tyrkia. Hahn sa eit land ikkje kan bli medlem av EU utan å stille seg bak EUs utanrikspolitikk. Dette har konsekvensar for kva tilhøve Serbia og Russland kan ha. Forhandlingane med Tyrkia er i praksis fryst. Det er viktig å halde dialogen oppe, men samstundes må Tyrkia sikre betring i vilkåra for sivilsamfunnet før det er aktuelt å ta opp av forhandlingane. På spørsmål om EU kan godta ein avtale som medfører landbyte mellom Serbia og Kosovo, sa Hahn at dette er eit komplisert spørsmål. Landbyte kan berre vere del av ein avtale som fører til eit betra tilhøve mellom dei to landa.

Styrking av EUs sikkerheits- og forsvarspolitik

I sesjonen om styrking av utanriks- og sikkerheitspolitikken til EU, sa komitéleiar David McAllister (Sentrum-høgre, Tyskland) at EU må ta større ansvar for eiga sikkerheit framover. Fleire av innlegga viste til at EU må løyse sine interne problem for å stå sterkare. Det gjeld ikkje minst migrasjonsutfordringane der mellom anna Italia etterlyste solidaritet frå dei andre EU-landa med landa ved Middelhavet. Det er også viktig å sikre vekst og sysselsetting. Det var ulike syn i spørsmålet om det vil vere positivt å innføre kvalifisert fleirtal i utanriksaker. Ein ungarsk parlamentarikar viste til at forsøk på fleirtalsvedtak i spørsmålet om fordeling av flyktingar hadde splitta EU. Det er derfor klart at ein del spørsmål berre kan løysast ved samrøystes vedtak. Andre tok til orde for auka bruka av kvalifisert fleirtal og viste til at det er uheldig at enkeltland har veto, jf. til dømes at Italia nyleg

blokkert for ei felles EU-aksept av interimspresidenten i Venezuela. Fleire var også oppatt av tilhøvet mellom EU og NATO og at EUs forsvarssatsing må vere komplementær til NATO.

Kommentar

Medan det stadig er stor semje om ein felles posisjon knytt til brexit, er det langt større variasjon i synspunkta knytt til bruk av kvalifisert fleirtal og spørsmålet om utviding av EU. Trass framsteg i ein del land er det langt fram før det er aktuelt med nye utvidingar av EU.

I den delen av sitt innlegg der han sa at EU er viktigare enn brexit la Barnier vekt på å framstå som ein statsmann. Mange tolka dette som eit innlegg frå ein med ambisjonar om å bli kommisjonspresident.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no